



MEDLEMSSKRIV JUNI 2020.

Årsmøte 2019:

Årsmøtet for 2019 vart halde 10. mars 2020. Det møtte 23 medlemmer. Styret for 2020: Leiar Ola Andreas Byrkjedal, Nestleiar Inge Gjesdal, Styremedl.: Inger Johanne Espeland og Stian Hognestad. 1. Vararepr.: Torgeir Lima.

Årsmøtet gjorde vedtak om å fortsetje arbeidet med fusjon mellom Bjerkreim Avløysarlag SA og Gjesdal Avløysar- og Rekneskapslag SA.

Redusert arbeidsgjevaravgift 3. termin 2020:

Stortinget har 12. mai vedteke ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta for mai og juni med 4 prosentpoeng. Dette vil kome deg som medlem til gode. Reint praktisk vil me gjere det slik at det vert fakturert med ordinær sats for mai og juni. Når reduksjonen vert utbetalt frå Staten (me veit ikkje enno korleis), vil de som medlemmer bli godskrivne dette ut frå kva de har hatt av utlønning desse 2 mnd.

Merk at det er lønn som vert utbetalt i mai og juni som får redusert sats. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål omkring dette.

Landbruksvikar:

Landbruksvikararen kan nyttast til avløyning ved sjukdom, svangerskapspermisjon, pappapermisjon m.m. Er den faste Landbruksvikaren oppteken, prøver Avløysarlaget så langt det let seg gjere å finne andre alternative vikarar. Ikkje ver redd for å ta kontakt.

Arbeidsgjevaransvar for avløysarane:

Frå 01.01.2020. tok Avløysarlaget over arbeidsgjevaransvaret for dei aller fleste avløysarane. Håpar at de som medlemmer er nøgde med den omlegginga.

Det som er viktig å hugse på er at yrkesskadeforsikringa som de hadde for lønna arbeidshjelp kan seiast opp. Den som gjeld ulønna hjelp må de framleis ha. Avløysarlaget har i tillegg til yrkesskadeforsikring teikna ansvarsforsikring for avløysarane. Denne forsikringa dekker skader som avløysaren er årsaka til. Eigenandelen er på kr. 4.000,- (Kr. 6.000,- for familiemedl.)

Avløysartilskot ved sjukdom, foreldrepermisjon m.m.

Har du spørsmål eller treng hjelp med dette, ta kontakt. Laget hjelper deg med søknad om sjukepengar, avløysartilskot ved sjukdom m.m. Denne hjelpa er gratis for alle medlemmer i Laget.

Avløysarkurs:

Avløysarkurset som var planlagt i mars 2020 måtte avlysast pga situasjonen rundt koronaviruset. Nytt kurs vert sett opp på eit seinare tidspunkt.

Opningstider på kontoret i sommar:

Kontoret er sommerstengt i vekene 29 - 30 - 31 (13. juli – 31. juli). Kan i denne perioden treffast på mob. 46 83 78 12 hvis det er noko som hastar.

GOD SOMMAR!